


## Til deg som får stråling mot lymfeknuteområder nedanfor mellomgolvet



### Behandling

Kvar behandling tar 10 - 20 minutt. Sjølve strålinga tar ca. 1 – 5 minutt. Du får behandling kvar dag, unntatt i helgene og helgedagar. Underveis i behandlinga vil det bli tatt bildekontrollar på behandlingsapparatet. Desse bilda viser ikkje korleis sjukdommen påverkast av behandlinga, men er ein viktig kvalitetskontroll for å sikre at behandlinga blir gitt på rett stad.

### Legekontrollar

Det blir tatt blodprøvar i løpet av behandlingsperioden. Du får også time til kontroll hos lege her på avdelinga. Når du er på legekontroll kan du få svar på spørsmål angåande sjukdommen og behandlinga. Viss du treng reseptar eller sjukemelding, er det viktig å ta det opp når du er inne hos legen. Tips: skriv ned det du har tenkt å spørje om.

### Røyking

Strålinga er avhengig av oksygen for å verke effektivt. Røyking vil føre til redusert oksygennivå i blodet og kan dermed redusere effekten av behandlinga. Vedvarande røyking under strålebehandling har òg samanheng med auka førekost av biverknadar. Det er derfor svært viktig at du sluttar å røykle. Snakk med stråleterapeut eller lege for råd og rettleiing.

### Ernæring

Eit variert og næringsrikt kosthald er viktig under strålebehandlinga og i tida etterpå. Dette kan gjere at du toler behandlinga betre og held styrke og energi ved lag. Dersom du opplever vekttap eller har vanskar med å få i deg nok mat og drikke, ta kontakt med behandlingspersonalet. Ved behov kan du få henvisning til ernæringsfysiolog.

### Omsorg for mindreårige barn (0-18 ÅR)

Har du daglig omsorg for mindreårige barn og har de eventuelt behov for oppfølging i forhold til din sykdom?

### Biverknadar av strålebehandlinga

Strålebehandlinga kan medføre biverknadar. Desse kjem gjerne etter 1-2 vekers behandling, unntatt for kvalme som kan oppstå allereie etter første behandling.

Akutte biverknadar avtar oftast 2- 3 veker etter avslutta strålebehandling.

## Vanlege biverknadar er:

### Trøttleik

Strålebehandlinga kan gjere at du føler deg meir trøytt og slapp. Det er då godt å få litt ekstra søvn og kvile. Frisk luft er bra, ta gjerne ein spasertur viss du har anledning. Det er viktig med eit variert og næringsrikt kosthald. Under strålebehandlinga er det viktig å drikke rikeleg. Kroppen treng 1,5 - 2 liter væske dagleg. Er du yrkesaktiv kan du arbeide som vanleg, viss du sjølv ønskjer det.

### Hudreaksjonar

Huda kan bli irritert (dvs. raud, øm og kløande hud) av strålebehandlinga. Under behandling anbefaler vi at du bruker såpe utan parfyme i behandlingsområdet. Når du barberer deg anbefaler vi bruk av barbermaskin. Unngå karbad, ta heller ein dusj. Ikke frotter huda i strålefeltet, men klapp ho tørr, og la området lufttørke heilt. Dersom du blir raud og øm i huda, kan du gjerne smøre huda i strålefeltet med uparfymert fuktighetskrem/lotion for å redusere tørr hud, kløe og irritasjon. Det kan smørjast fleire gonger om dagen. Produkta skal ikkje innehalde metaller (f.eks. zink). Unngå potetmjøl/maisstivelse og babypudder i strålefeltet. Dersom det oppstår hudlause områder skal du ikkje smørja der. Stråleterapeut eller sjukepleiar kan gi råd om korleis det skal behandles.

Unngå sol på bestrålte hudområder og bruk høg solfaktor på dei områda som ikkje er dekka av tøy.

### Kvalme

Enkelte kan bli kvalm av strålebehandlinga. Viss du blir det kan du få resept på kvalmestillande medisin.


### Diare

Ved strålebehandling av bekkenet, kan ein få laus avføring eller diaré. Dersom du opplever det må du snakke med stråleterapeut som vil gje deg rettleiing om tilpassa kosthald og eventuelle medisinar.

**Viss det oppstår biverknadar eller du har andre spørsmål i forbindelse med behandlinga, kan du spørje personalet på behandlingsmaskina. Du kan også ta det opp med legen når du er til kontroll.**

Her kan du sjå korleis førebuing og gjennomføring av strålebehandling går føre seg:

[Strålebehandling \(youtube.com\)](https://www.youtube.com/watch?v=JyvXWzqBQIw)



**Haukeland Universitetssjukehus**

**Avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk**

**Versjon: 5.02**

**Gjeld fra: 03.07.2024**

[Strålebehandling - Helse Bergen HF \(helse-bergen.no\)](https://helse-bergen.no)